

Preses Olav Fykse Tveit:

Vigsling av Stig Lægdene til biskop i Nord-Hålogaland bispedømme

Tromsø domkyrkje, 7. desember 2025

Kjære Stig

Du har fleire gonger sagt at du er opptatt av bønn. Eg trur at du har spesielt gode føresetnader for å vise at det å vere biskop og kyrkjeleiar i vår tid på fleire måtar handlar mykje om alt det bøn inneber.

Det aller viktigaste i ei bispevigsling er jo at *vi ber* for deg. Den tenesta du skal utføre som biskop, er definert av det. Det er ikkje kva du meiner og står for - eller ikkje, kor viktig det enn måte vere, som gjer deg til biskop.

Som biskop skal du sørge for at det vert bedt. Det er nettopp det vi gjer når det vert feira gudstenester. Då ber vi om nåde og velsigning. Vi vert møtt med evangeliet, Guds nådeord, i nådemidla, i ord og sakrament. Du skal som biskop sørge for at menneske veit at denne vegen til Gud er open. For alle, i alle livets situasjonar. Det kan du og det skal du. Du skal sjølv formidle evangeliet, og sørge for at det vert forkynt klart og reint, utan noko om og men. Som biskop er du der for å opne opp dette forholdet til Gud. Når det skjer, kan det også opne forholdet til andre, til kyrkja som eit nådens fellesskap. Uansett kva slags retning vi elles tilhøyrer.

Nettopp difor er det viktig at biskopen er der for å ha tilsyn med forkynninga og med forvaltinga av sakramenta, med gudstenestelivet, med dei kyrkjelege handlingane, med undervisninga, med diakonien, med kyrkjemusikken, med kyrkjebygga og kyrkjegardane. Alt vi gjer i kyrkja skal kvar på sitt vis opne vegen til Gud for oss.

Du skal gje rettleiing. Stundom også vise til rette. Du skal vise veg. Og vegen du skal vise, skal gå til Gud – og til kvarandre. Du skal samle og vise at vi er eitt i Kristus.

Det er mange som samlast for å be her i dette bispedømmet, på kvar sine plassar og måtar. I dag vil eg minne dei spesielt om å be for deg.

Bøn er ikkje noko berre for dei få. Vi veit at mange fleire menneske ber enn dei som svarar «ja» på spørsmålet om dei trur på Gud. Bøn er også difor noko som skal prege ei folkekyrkje, der dei mange høyrer til. Bøn er på mange vis det mest demokratiske uttrykk for Gudstru. Kven som helst kan be. Når som helst, kvar som helst, om kva som helst. Salme 65 uttrykkjer dette slik: «Du er ein Gud som høyrer bøner. Til deg kjem alle menneske».

Som biskop skal du oppmuntre, men også *myndiggjere* andre til å vende seg til Gud. I bøn lar vi det som er i oss, av gleder og sorger, suter og håp, kome til uttrykk. Det er typisk for den kristne bønetradisjonen, som vi har arva frå den jødiske, slik vi har det i Salmane i Det gamle testamentet. Med og utan ord.

Dette kjem også sterkt til uttrykk i den samiske bønetradisjon også. Nyleg avdøde Inga Karlsen, leiar i det samiske eldrerådet, har uttrykt det i ein vakker salme. I vår salmebok er den både på lulesamisk og svensk, med tittelen: «Gula muv rákálvisat». Den står også på svensk: « Hör mina böner, Herre, som är i himmelen. Hör mina suckar, Herre, til dig i himmelen.»

Det er ikkje kyrkjas oppgåve å setje grenser for kva språk eller kultur eller form som kan brukast til bøn. Tvert om. Det er noko av det vi må lære av rapporten frå Sannhets- og forsoningskommisjonen om fornorskingspolitikken, og kva den førte til. Nokon fekk lære å be på sitt morsmål, mange fekk ikkje det.

Men heller ikkje fornorsking eller andre uttrykk for underkuelse kunne ta bøna frå folk. I både samiske og kvenske fellesskap ba ein likevel, på sine eigne måtar og med eigne ord og tonar. Dei ulike måtar å vende seg til den store og allmektige Gud på kan opne opp mange hjarte og sinn når vi lærer dei å kjenne.

Som biskop skal du framfor alt opne bønedøra til vår Frelsar, Jesus Kristus. Dette er den døra han sjølv har opna, gjennom å invitere oss til å be i hans namn. «For oss menneske og til vår frelse vart han menneske av kjøt og blod», heiter det i Den nikenske truedkjenninga. Den feirar vi 1700-års jubileum for i år, og du skal leie oss i den i dag. Som Gud og menneske er Jesus det vi ikkje kan vere sjølve: vår frelsar i dette og i det evige liv.

Bøna i Jesu namn knyter oss og vårt liv til Jesus Kristus, som Gud hos oss. Ved hans liv, død og oppstode er denne nådedøra til Gud opna for oss alle. Kyrkjask truvedkjenning er ei bøn, eit «ja» til den treeinige Gud. Det er «ja», som er ei forutsetning for dei gonger kyrkja eventuelt skal seie «nei». Kyrkja treng biskopar til å halde fast på vårt «ja» til den treeinige Gud.

Sjølve ordet «biskop» tyder «den som ser». Biskopen skal sjå dei andre. Der er *med bønens blikk* du skal sjå dei. Bøn er å ha dei andre i våre tankar og omsorg. Om augene er opne eller ikkje. Bøn er ein av dei sterkaste og mest tydelege uttrykk for solidaritet, at vi verkeleg bryr oss om kvarandre.

Ein av dei som har særleg peikt på kyrkjask ansvar i den verda vi lever i, er erkebiskop Desmond Tutu frå den anglikanske kyrkja i Sør-Afrika. Han leia sitt folk i oppgjeret med rasismen og apartheid-politikken. Han besøkte Tromsø fleire gonger, sist i 2007 på Verdas miljøverndag. Han vart overtydd om at kampen mot urettferda handla også om kampen for skaparverket, og han kom. Han insisterte på å ha minst ein time for seg sjølv med Vårherre kvar dag for å be.

Du og vil trenge bøna for å finne ro og styrke til alt du skal gjere som biskop. Det er krevjande å la andres naud og kriser vere ein del av vårt liv. Du er ikkje redd for det. Som biskop skal du gje menneske mot til å sjå både seg sjølv og andres liv med trua, håpet og kjærleikens blikk. Alt dette vert forsterka med bøn.

Vi veit ikkje kva våre bøner gjer med Gud. Vi veit ein god del om kva bøna gjer med relasjonane mellom oss. Vi kan merke kva det betyr når nokon seier dei vil be for oss når det røyner på. Den dagen Kongen talte til eit covid-kua folk og sa at vi var i hans tankar og bøner, forsterka det dei banda som allereie var mellom Kongen og folket på ein spesiell måte. I kyrkja ber vi for Kongen og hans hus, og for alle som har fått leiaransvar mellom oss.

Som biskop skal du gjennom bøn og arbeid få opne vegen til Gud – og til andre.

Det ber vi om i dag. Lukke til med det!